



**Handlingsplan
Vald
i nære
relasjonar**

2021-2024

Bokn kommune

Innhald

1. Mål og tiltaksplan.....	3
2.0 Innleiing.....	4
2.1 Bakgrunn	4
2.2 Visjon for Bokn kommune.....	4
2.3 Kort om Bokn	5
2.4 Om handlingsplanen	5
2.5 Definisjonar	6
2.6 Statleg arbeid, nasjonale meldinger og føringar.....	9
2.7 Kommunen sitt ansvar	9
3.0 Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen	10
3.1 Dagens utfordringsbilete	10
3.2 Valden sin særlege karakter	11
3.3 Verknader av vald og seksuelle overgrep	12
3.4 Formelle bestemmingar	12
3.5 Plikt til å melde eller på anna måte avverge alvorlege brotsverk.....	14
4.0 Samhandling og førebygging.....	15
4.1 Samhandling.....	15
4.2 Førebygging.....	15
5.0 Eksisterande tilbod i Haugalandregionen.....	16
6.0 Ressursliste.....	19
7.0 Evaluering og rullering	19
VEDLEGG	19

1. Mål og tiltaksplan

Mål	Tiltak	Tidsrom	Ansvar	Økonomi
Auka generell kompetanse om vald i nære relasjonar for dei som arbeider nærast med utsette grupper.	✓ Årleg kurstilbod for tilsette som arbeidar tett på grupper som kan vere utsett for vald ✓ Årleg fokus på tema og rutiner for melding i personalmøter ✓ Skule / barnehage: Kompetanseheving /drøfting av tema med barnevernstenesta x 2 årleg ✓ Pleie og omsorg: Årleg E-læringskurs frå Visma Veilederen om tema	Haust Haust Vår / Haust Haust	Rektor Bokn skule Styrar Bokn barnehage Einingsleiar pleie og omsorg	Ordinær drift
Spesifikk kompetanseheving for ressurspersonar i kommunen	Årleg kurstilbod frå RVTS for ressurspersonar (liste under) etter melding av behov.	Haust	Helsesjukepleiar Bokn helsestasjon Sosialrådgjevar Bokn skule Lærer / ressursperson Bokn skule	Kursmidler
Kompetanseheving ift vald mot eldre for tilsette ved Bokn sjukestove og i heimebaserte tenester.	Gjennomgang av filmar på www.vernforeldre.no Invitere Kriesenter Vest til personalmøte for å snakke om vald mot eldre. Særleg fokus på rettar og plikter dersom den det gjeld ikkje ønskjer å melde eller setje i verk tiltak.	Haust 2021	Einingsleiar pleie og omsorg	Ordinær drift
Systematisk gjennomgang av rutinar for melding til barnevern/politi.	Vidareføre fast gjennomgang av interne rutiner kvar haust for sikre at alle tilsette i barnehage, skule og andre som arbeider med barn og unge er kjent med pliktar gjeve i lov for offentleg tilsette. Årleg gjennomgang av interne planar og rutiner i personalmøte i pleie- og omsorgstenesta	Haust	Rektor Bokn skule Styrar Bokn barnehage Einingsleiar pleie og omsorg	Ordinær drift

Bokn kommune har i tråd med målsetjing i førre periode oppnemnt fleire ressurspersonar som har særleg interesse og kompetanse på området vald i nære relasjonar. Desse personane er meint å vere ein ressurs andre tilsette i kommunen kan vende seg til for rådføring, og kan gje bistand til korleis ein skal ta kontakt vidare i saka. Kriesenter Vest er ein del av kommunen sitt tenestetilbod og ein ressurs og drøftingspart.

Ressurspersonar: Henriette Lindanger

Trine Sofie Grønnestad

Birte Marita Skjold

2.0 Innleiing

Opptrappingsplan mot vold og overgrep 2017–2021 slår fast at samfunnet si viktigaste oppgåve er å beskytte sine borgerar. At menneske vert utsett for vald og overgrep angår oss alle. Vald og overgrep får først og fremst følgjer for den som vert råka. Det er også eit samfunnsproblem og eit folkehelseproblem som kan medføre betydelege fysiske og psykiske problem. Vald har store kostnader i form av auka trong for hjelpetiltak i skulen, psykisk og fysisk helsehjelp, barneverntiltak, krisesentertilbod, sosialtenester og politiressursar. Vald i nære relasjonar er inga privatsak, men eit samfunnsansvar.

Born og vaksne som lever med vald vert utsett for store belastningar og nokon blir skada for livet. Å vera utsett for vald kan begrense den enkelte sitt liv og mogelegheiter til å realisere sine mål, draumar og ambisjonar.

Arbeidet for å førebyggje og bekjempe vald og overgrep må prioriterast høgt. Dette er ei investering i alle si framtid.

2.1 Bakgrunn

Rådmannsgruppa på Haugalandet gav kommunane i oppdrag å utarbeide ein handlingsplan: «Vald i nære relasjonar». Arbeidet med planen var organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom 9 kommunar på Haugalandet. Gruppa hadde brei fagleg samansetnad med representantar frå dei ulike tenestekområda i tillegg til RVTS og Krisesenter Vest. Handlingsplanen vart handsama i Bokn formannskap mai 2016.

Innhaldet i denne handlingsplanen byggjer på den førre planen, men er revidert i forhold til nyare endringar. Mål- og tiltaksplanen vart evaluert saman med leiarar frå skule, barnehage og pleie/omsorg i september 2020.

2.2 Visjon for Bokn kommune

«Eit liv utan vald»



2.3 Kort om Bokn

Bokn er ein øy-kommune i Rogaland som består av tre bebudde øyar (Ognøy, Austre Bokn og Vestre Bokn) og 123 småøyar og holmar. Kommunen har 858 innbyggjarar (SSB, 2020).

2.4 Om handlingsplanen

2.4.1 Mål og mandat

Handlingsplan «Vald i nære relasjonar» skal sikre at Bokn kommune har fokus på vald og overgrep, og at dei som er råka får eit tilbod som er tilrettelagt og heilskapeleg. Hjelpetilboda innafor området skal vere kunnskapsbaserte og samordna, og sikre at kommunen fyller lovkrava om å førebyggje, avdekke og avverge vald og seksuelle overgrep. Handlingsplanen skal auke kunnskap hos dei tilsette i kommunen og styrkje samhandling mellom faggrupper, sektorar og ulike forvaltningsnivå.

Kommunen skal ha fokus på:

- ✓ Informasjon, førebyggjande og haldningsskapande arbeid
- ✓ Gi betre informasjon og hjelp til utsette generelt, og til sårbare grupper spesielt
- ✓ Ha en god oversikt over omfang av vald i nære relasjonar i kommunen
- ✓ Sjå ulike tiltak og verkemiddel i samanheng
- ✓ Trygge og støtte tilsette som har mistanke om, eller avdekkjer vald i nære relasjonar
- ✓ Ha tydelege samhandlingsrutinar
- ✓ Rask agering når saker oppstår
- ✓ Ta mistanke om vald i nære relasjonar på alvor
- ✓ Bidra til helskapleg og samordna bistand til valdsutsette

Handlingsplan «Vald i nære relasjonar» er ein temaplan knytt til Helse- og omsorgsplan for Bokn kommune 2020 – 2024.

2.4.2 Målgruppe i handlingsplanen

Vald og overgrep finst i alle samfunnslag og alle miljø. Denne handlingsplanen gjeld for alle grupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, alder, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk som er utsette for eller er utøvar av vald i nære relasjonar.

Handlingsplanen med tilhøyrande tiltakskort har lagt vekt på å sikre einskapleg og kvalitativ førebygging og oppfølging av vald mot barn og unge, vaksne, eldre og funksjonshemma, herunder utsett for vald og mistanke om dette. Ved å førebygga, samt å oppdage vald, gir ein barn og ungdom større tryggleik, slik at dei får større læringsutbytte både i barnehagen og skulen, samt betre oppvekstvilkår.



2.5 Definisjonar

2.5.1 Kva er vald i nære relasjonar?

Verdas helseorganisasjon, WHO, definerer vald som forsettlig bruk eller trussel om bruk av fysisk makt eller tvang retta mot ein sjølv, andre enkeltpersonar eller ei gruppe. For å bli rekna som vald må handlinga resultere i, eller ha stor sannsynlighet for å resultere i død, fysisk eller psykisk skade eller mangelfull utvikling. I WHO sitt valdsbegrep inngår både fysisk vald, seksuelle og psykiske overgrep og omsorgssvikt. Ein mykje brukt definisjon, både i Noreg og internasjonalt, er Per Isdal sin: "Vald er einkvar handling retta mot ein annan person, som gjennom at denne handlinga skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko den vil."

Eit skilje på ulike former for vald går mellom grov gjentakande vald og/ eller kontrollerande vald på den eine sida, og episodisk vald som ikke nødvendigvis gjenspeiler eit skeivt maktforhold på den andre sida. Episodisk vald har ingen klar kjønnsprofil, menn og kvinner er utsette og utøvarar i tilnærma like stor grad. Når det gjeld dei alvorlegaste formene for overgrep og brutalitet er det derimot ein tydelig kjønnsprofil. Det rammer i størst grad kvinner, og det er i hovudsak menn som er utøvarar. Både menn og kvinner kan vere valdsutøvar og valdsutsett, men det er i hovudsak kvinner som vert utsett for den gjentakande og kontrollerande partnervalden.

I *Straffeloven av 2005 § 282* er nære relasjonar definert som "noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar, noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar sin slektning i rett nedstigande linje, slektning i

rett oppstigande linje, nokon i sin husstand eller nokon i sin omsorg." Det vil sei at nære relasjonar også omfatter søsken, born, foreldre, besteforeldre og barneborn. I denne handlingsplanen er også storfamilie, partner, kjærsterelasjonar og bufellesskap inkludert som nære relasjonar.

Vald i nære relasjonar medfører særlege utfordringar. Dei som er berørt av valden er betydningsfulle i kvarandre sine liv. Dei har felles historie og er ofte avhengige av kvarandre. Eit særtrekk ved vald i nære relasjonar er den tette samanvevingen mellom vald og kjærleik.

2.5.2 Ulike typar vald

Fysisk vald

Fysisk vald er «... einkvar form for fysisk makt som gjennom at den smerter, skader, skremmer og krenker, påverkar eit anna menneske til å slutte å gjere noko det vil eller gjere noko mot sin vilje. Fysisk vald er altså einkvar fysisk handling som skader eller kontrollerer eit anna menneske. Eksempler på slik vald kan vere slag med flat hånd, knytta neve eller gjenstand, fastholding, lugging, klyping, dytting, risting, sparking, bruk av våpen, brenning/skålding, kvelertak, forgiftning eller angrep med ulike gjenstandar.»

I Noreg er bruk av fysisk avstraffing som ein del av barneoppdragning forbode, og er difor inkludert i ein definisjon av vald mot born.

Psykisk vald

Alle måtar å skade, skremme eller krenke på som ikkje er direkte fysiske i sin natur, eller måtar å styre eller dominere andre på ved hjelp av ein bakenforliggjande makt eller trussel.

Psykisk vald kan delast inn i følgjande undergrupper:

- direkte trussel om vald dersom den som vert utsett ikkje rettar seg etter valdsutøvarens sine ønskjer
- indirekte trussel som formidlar valdelege konsekvensar
- audmjukande åtferd der ein person vert krenka psykisk
- kontroll over andre sitt liv med bruk av makt eller trussel
- utagerande sjalusi for å skremme eller kontrollere andre
- indirekte eller direkte isolering for å innskrenke ein person sitt handlingsrom eller livsrom
- emosjonell vald for å gjere at ein person føler seg mindre betydningsfull

Psykisk vald kan også inkludere kontrollerande åtferd som å kontrollere partnaren sin økonomi eller pengebruk, tilgang til pengar eller andre verdier.

Materiell vald

Fysisk vald som rettar seg mot materielle ting og ikkje ein annan sin kropp.

Ved materiell vald kan den som utøver slå, sparke, kaste, øydeleggje eller knuse til dømes inventar, klede eller gjenstandar, ofte ting som den valdsutsatte er særskilt glad i. Det å øydeleggje gjenstandar den andre har eit forhold til kan virke særskilt skremmande gjennom det symbolske i ei slik handling

Seksualisert vald

Alle handlingar retta inn mot ein annan person sin seksualitet, som gjennom at dei smerter, skader, skremmer eller krenker får denne personen til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko den vil. All seksuell omgang mellom born og vaksne vert rekna som overgrep, sjølv om tvang ikkje var involvert.

Latent vald

Vald som verkar i kraft av sin moglegheit, å leve i konstant frykt for nye valdsepisodar. Risikoen for ny vald styrer all åtferd, og vert ein strategi for å unngå ny vald.

Grooming- internettrelatert seksuelle overgrep

Grooming er prosessen der ein vaksen vert ven med og opprettar ein emosjonell kontakt med eit born, for så å avtale eit møte slik at det vert mogleg for den vaksne å ha seksuell omgang med bornet. Eit typisk hendingsforløp i ei groomingsak vil ofte byrje med kontakt over internett.

Ære og æresrelatert vald (tvangsekteskap, omskjæring, kjønnslemlesting)

Tvangsekteskap og kjønnslemlesting er og former for vald i nære relasjonar. Tvangsekteskap og kjønnslemlesting krev ein særleg innsats. Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan på dette området; «Retten til å bestemme over eget liv. Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017-2020)»

Ære er eit positivt omgrep som vert sett på som sosial anerkjenning, sjølvkjensle og sjølvrespekt. Ære er eit spørsmål om velferd, status og posisjon. Verdiane varierar mellom ulike kulturar og samfunn.

Omsorgssvikt

Også fråvær av handling (dvs. fysisk og emosjonell neglisjering og omsorgssvikt) inngår i WHO sitt valdsbegrep. Omsorgssvikt kan vere både fysisk og psykisk. Fysisk omsorgssvikt dreier seg om at føresett eller omsorgsgivar ikkje garanterer for dei fysiske behova eit born har, til dømes knytta til mat, helse, klede, hygiene eller søvn. Psykisk eller emosjonell omsorgssvikt dreier seg om at eit born ikkje får den psykiske omsorgen det har trong for, til dømes kjærleik, merksemd og stimulering.

Nettovergrep og digital vald

Dette kan mellom anna handle om:

- trakasserande og stygge meldingar posta på nett
- trusler eller tvang via meldingar om spreiding av bilete og filmar
- overvaking og kontroll via mobiltelefon eller sosiale medier
- å bli eksponert for eit seksualisert språk eller å få tilsendt bilete og filmar med eit seksualisert eller valdeleg innhald
- å bli pressa til å utføre seksuelle handlingar framfor eit webkamera, som posering, stripping, beføling og samleieliknande handlingar

- bytte og salg av seksuelle tenester

Mobbing

Fysiske eller sosiale negative handlingar som vert utført gjentatte gonger over tid av ein person eller fleire saman, og som er retta mot ein som ikkje kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen. Mobbing kan innebere ulike former for vald: psykisk eller fysisk vald, seksuell trakassering, eller ein kombinasjon av desse. Digital mobbing er ein variant av mobbing

2.6 Statleg arbeid, nasjonale meldingar og føringar

I handlingsplanar og utgreiingar legg myndigheitene stor vekt på koordinering av arbeidet til dei ulike tenestene. Sidan 2004 er det lagt fram fire nasjonale handlingsplanar på området vald i nære relasjonar. I tillegg kjem handlingsplanar, offentlege utgreiingar og veilederar på ei rekke spesifikke områder som ligg nært opp til eller kan inkludrast i temaområdet vald i nære relasjonar; seksuelle overgrep mot born, valdtekt, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Desse dokumenta legg overordna føringar for hjelpetiltak og førebyggjande innsats i kommunane.

Aktuelle dokument:

- ✓ Handlingsplan mot valdtekt 2019-2022
- ✓ NOU 2017:12 Svikt og svik — Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt
- ✓ Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017-2021)
- ✓ Retten til å bestemme over eget liv. Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse (2017-2020)
- ✓ Regjeringens handlingsplan mot menneskehandel (2016-)
- ✓ Et liv uten vold. Handlingsplan mot vold i nære relasjonar (2014-2017)
- ✓ En god barndom varer livet ut. Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom (2014-2017)
- ✓ Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar. Det handler om å leve. Stortingsmelding 15 (2012-2013)
(kjelde: nkvt.no)

2.7 Kommunen sitt ansvar

Etter norsk lov er kommunen plikta til å gi sine innbyggjarar og valdsutsette eit forsvarleg tilbod. I høve til kommunale tenester er sosialtenestelova, opplæringslova, helse- og omsorgstenestelova, samt barnevernslova sentrale rettighetslovar. Vidare gir forvaltningslova utfyllande reglar om kommunen si opplysnings- og rettleiingsplikt.

Kommunen skal ved si helseteneste og opplæring fremje folkehelse, trivnad og gode sosiale og

miljømessige forhold, samt førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte. Den skal spreie opplysning om og auke interessa for kva den einskilde sjølv og allmenta kan gjere for å fremje eigen trivnad, sunnhet og folkehelse.

Barneverntenesta skal sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får naudsynt hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at born og unge får trygge oppvekstsvilkår. Gjennom desse bestemmingane har kommunen eit ansvar for å sjå til at lova sitt føremål vert teke vare på ovanfor valdsutsette.

3.0 Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen

3.1 Dagens utfordringsbilete

Bruk av vald er i strid med norsk lov, og det er angrep på grunnleggjande menneskerettar. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar på lik line med vald som skjer i andre samanhenger.

I tillegg til dei synlege og umiddelbare fysiske skadene som valden førar til, er det klare samanhenger mellom vald og seinare fysisk og psykisk uhelse. Verknader og omfang fortel oss at vi står ovanfor eit alvorleg folkehelseproblem. Vald i nære relasjonar har store sosiale verknader. Aktiv deltaking i samfunnet vert redusert, og kan føre til isolasjon, økonomiske problem og arbeidsløyse. Det er anslått at vald i nære relasjonar koster det norske samfunnet mellom 4,5 og 6 mrd. kroner årleg (2010-kroner). Bak talla er det enkeltpersonar og skjebner. Barn og vaksne blir utsett for store belastningar og nokre vert skada for livet.

Utfordringane i arbeidet mot vald og overgrep er store og krev kontinuerleg innsats på mange områder og frå ei rekke aktørar:

- Ansaret må tydeliggjerast og samarbeidet må styrkjast
- Vald må førebyggjast betre
- Vald må avdekkjast tidlegare
- Valdsutsette må få betre hjelp og behandling
- Behandlingstilbodet til valdsutøverar og overgriperar må betrast

(Opptappingsplan mot vold og overgrep 2017–2021)

3.1.1 Status Noreg

Opptappingsplan mot vold og overgrep 2017–2021 stadfestar at omfanget av vald og overgrep framleis er betydeleg. Mellom 75 000 og 150 000 menneske er årleg utsett for vald i ein nær relasjon. I perioden 1990–2014 vart 867 personar drepne, av desse var 206 (24 prosent) registrert som partnerdrap. Når det gjeld mishandling i familieforhold reknar ein med store mørketall. Mange valdsutsatte anmelder ikkje overgrepa og oppsøker ikkje hjelpeapparatet. Det er anslått at 25 prosent av vald i familieforhold vert anmeldt til politiet.

Tall frå Statistisk Sentralbyrå viser at i perioden 2010 – 2017 er det 7 079 anmeldte familievald- lovbrøt, av desse er 2 447 av typen mishandling i nære relasjonar. Av 6 879 anmeldte lovbrøt retta mot born under 16

år, er 4 605 i lovbrotsgruppa for valds- og seksuallovbrot. Gjennomgang av statistikken viser at ein stor andel av mishandling i nære relasjonar, og ein enda større andel blant fleire typar seksuelle overgrep mot born, er handlingar som har skjedd i lengre periodar og er anmeldt lenge etter at dei har skjedd.

Blant unge som deltok i UNGVold undersøkinga i 2015 svarar 21 prosent at dei har opplevd fysisk vald frå ein forelder i løpet av oppveksten. 23 prosent hadde opplevd minst ei form for seksuell krenking. Dette gjaldt spesielt jenter. Omfangsundersøkinga utført av Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) i 2014 viser at i underkant av 10 prosent kvinner og 1 prosent menn rapporterer å ha opplevd valdtekt. 8,2 prosent kvinner og 1,9 prosent menn rapporterer å ha vært utsett for alvorleg vald frå partner.

Tall frå Bufdir.no viser at i 2019 budde 1 800 vaksne personar ved eit krisesentertilbod. Av desse var det 1 650 kvinner og 147 menn. Psykisk vald, fysisk vald og truslar var dei vanlegaste årsakane, og dei fleste var utsett for vald frå ektefelle / sambuar. 95 % av bebuerane var utsett for gjentatte overgrep før dei søkte hjelp på eit krisesenter. For 25 % pågjekk overgrepa i eitt år eller mindre, medan 70 % var blitt utsett for overgrep i ein periode på meir enn eitt år. 34 % var utsett for overgrep i ein periode på meir enn fem år. Same året budde 1 450 born på krisesenter. Ved 1 av 3 opphald der vald fra mor eller far var årsaka, hadde bornet samvær med valdsutøvar. For 83 % av borna på krisesenter var valdsutøvar far.

Statistikken frå Bufdir viser også at:

- 63 % av bebuerane hadde innvandrarbakgrunn
- 30 % hadde nedsett funksjonsevne (psykisk lidning, kronisk sjukdom, kognitive vanskar)
- 90 % var utsett for psykisk vald
- Nesten 70 % var utsett for fysisk vald
- 60 % var utsett for truslar
- 26 % var utsett for materiell vald
- 24 % var utsett for økonomisk vald
- 18 % var utsett for seksuell vald
- 10 % var utsett for digital vald
- 7 % var utsett for æresrelatert vald

3.2 Valden sin særlege karakter

Vald i nære relasjonar har særtrekk som skil denne valden frå anna vald. Der anna vald ofte er ei eingongshending med ein gjerningsperson som er ukjent for offeret, vert vald i nære relasjonar ofte utøvd i det skjulte, er gjentakande og personane som er råka er betydningsfulle i kvarandre sine liv gjennom felles historie, gjensidige plikter og er ofte avhengig av kvarandre. Difor vert verknadene ofte meir alvorlege enn ved annan vald. Den som vert utsett for valden bebreidar ofte seg sjølv, og opplever skam og kjensle av skuld. Sjølv om valden er synlig og kjent, kan ein likevel vegre seg for å gripe inn i det som vert opplevd som private forhold. Dette bidreg til å halde overgrepa skjult for dei som kan yte hjelp. Kunnskap om valden

sin karakter og særtrekk er naudsynt for at politi og hjelpeapparat skal kunne avdekke valden og gi god og riktig hjelp.

3.3 Verknader av vald og seksuelle overgrep

I tillegg til dei synlege og umiddelbare skadene, kjem seinverknader i form av fare for at offeret/ofra får både fysiske og psykiske seinskadar. Offer for partnervald opplever ofte:

- Frykt for nye valdsepisodar
- Frykt for liv og helse
- Frykt for reaksjonar frå sosiale relasjonar, familie og nettverk elles
- Frykt for tap av samvær med barn
- Frykt for at barnet må ha samvær med valdsutøvar
- Frykt for å bli isolert
- Frykt for at økonomien vil bryte saman dersom ein bryt ut av parforholdet
- Nedbroten sjølvtilitt og manglande tru på at ein kan klare eit sjølvstendig liv

Barn som erfarer vald mot seg sjølv eller omsorgsperson, og som lever i konstant redsle for ny vald, kan få skadeverknader som:

- Psykososiale vanskar
- Depresjon
- Angst for tap av mor/far
- Angst for at dei sjølv skal bli råka
- Krav til seg sjølv om å ta på seg verjerolla
- Krav til seg sjølv om å avleie situasjonen
- Valdsåtfærd mot andre
- Lågare sosial kompetanse
- Sinne og avmakt
- Åtferdsvanskar
- Konsentrasjonsvanskar

3.4 Formelle bestemmingar

3.4.1 Regelverk – forholdet mellom forvaltningslova og særlovgivninga

For tilsette i politiet som handsamer straffesaker, helsepersonell som utøver sin profesjon og dei som utfører arbeid eller teneste for eit familievernkontor, følgjer reglane om teieplikt, opplysningsplikt og adgangen til å vidareformidle opplysningar av eigne bestemmingar i henholdsvis straffeprosesslova, helsepersonellova og familievernkontorlova.

3.4.2 Teieplikt

Det er grunnleggjande for tillitsforholdet mellom helsepersonell og befolkninga at teieplikta vert ivareteke. Teieplikta skal bidra til at personar søker helsetenesta og gir informasjon, også sensitiv informasjon, utan frykt for at informasjonen vert vidareformidla til uvedkomande. Teieplikta utgjør eit sentralt element av personvernet.

Forvaltningslova inneheld reglar om teieplikt for tilsette i forvaltninga. Forvaltningslova gjeld for verksemd som er drive av organ for stat, fylkeskommune og kommune. Dette tyder at sosialtenesta, skuleverket, barneverntenesta og sjukehusa er underlagt forvaltningslova sine bestemmingar om teieplikt.

Helsepersonell har yrkesmessig teieplikt. For desse gjeld først og fremst reglane i **Helsepersonellova**.

For skuleverket følgjer det av **Opplæringslova** at teiepliktsreglane i forvaltningslova kjem til anvending, og at dei også gjeld for private skular med offentleg godkjenning. **Sosialtenestelova** og **Barnevernlova** viser til forvaltningslova sine reglar og gjer dei gjeldande for etaten sine tilsette. Men for sosialtenesta og barnevernet er det gjort viktige avgrensingar i kva unntak frå teieplikt som kjem til anvending.

3.4.3 Unntak frå teieplikta

Teieplikta er ikkje absolutt. Unntak frå teieplikta kan delast i to kategoriar; unntak som gir helsepersonell *opplysningsrett* og unntak som pålegg helsepersonell *opplysningsplikt* eller *meldeplikt*.

Opplysningsrett inneber at tilsette *kan*, men ikkje pliktar å utlevere taushetsbelagte opplysningar. I desse situasjonane kan teieplikta opphevast ved samtykke frå pasienten sjølv. *Opplysningsplikt* og *meldeplikt* inneber at tilsette i visse situasjonar skal gje opplysningar vidare utan hinder av teieplikta, til dømes til naudetatar og barnevern og i samband med fødsjar, dødsfall og betydeleg personskade. Opplysningsplikta er regulert i helsepersonellova. Helsepersonell kan og ha ei plikt til å gje opplysningar vidare etter straffelova for å avverge nærare bestemte straffbare handlingar (§ 196).

Av lov om sosialtenester og lov om barneverntenester går det fram at unntaka i forvaltningslova ikkje gjeld for sosialtenesta og barnevernet. Dette tyder at sosialtenesta og barneverntenesta ikkje kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan. Den skjerpa teieplikta inneber at barnevernet og sosialtenesta ikkje kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan utan at det ligg føre samtykkeerklæring frå klienten. Når det er naudsynt kan ein gje andre forvaltningsorgan opplysningar for å fremje sosialtenesta eller barneverntenesta sine oppgåver eller gje opplysningar for å førebyggja vesentleg fare for liv og helse. Både sosialtenestelova og barnevernlova inneheld altså bestemmingar som opnar for at ein kan gi informasjon når dette fremjer henholdsvis barneverntenesta og sosialtenesta sine oppgåver. Dette er bestemmingar som svarar til det viktigaste unntaket i forvaltningslova. Ellers kan ein kun gi informasjon når det ligg føre vesentleg fare for liv, eller skade på nokon si helse.

3.4.4 Opplysningsplikta til Barnevernstenesta

Opplysningsplikta til Barnevernstenesta inneber at ein skal gi opplysningar utan hinder av teieplikta. Plikta til å gje opplysningar gjeld både av eige tiltak og etter pålegg frå Barnevernstenesta. Opplysningsplikta til Barnevernstenesta følgjer av Barnevernslova. Når opplysningsplikta ligg føre skal opplysningane utan

hinder av teieplikta umiddelbart gis vidare til Barnevernstenesta. Opplysningsplikta gjeld når det er *grunn til å tru* at eit born vert mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt.

Opplysningsplikta er såleis avgrensa til alvorlege tilfeller. Det at born ikkje lever under optimale forhold, vil ikkje vere nok til å utløyse opplysningsplikta.

Barnevernstenesta er gjeve eit særleg ansvar for å sikre at born som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. For at barnevernet skal kunne ivareta dette ansvaret ovafor born som vert utsett for vald i familien, er barnevernstenesta avhengig av å motta opplysningar frå andre som kjenner barnet sin situasjon.

Opplysningsplikta gjeld for alle offentlege instansar og tenester, offentlege tilsette og alle andre som utfører tenester for desse.

3.4.5 Politiet si rolle

Dersom politiet får kjennskap til eller mistanke om at born vert mishandla av foreldra, føresatte eller andre som barnet bur saman med, skal dei straks melde frå om dette til barneverntenesta. Politiet si plikt går i visse tilfeller noko lenger enn det som følgjer av barnevernlova. Påtaleinstruksen pålegg politiet å underrette barneverntenesta om bruk av tvangsmidlar eller andre etterforskingsskritt dersom det er grunn til å tru at det samtidig bør setjast i verk tiltak ovafor barnet.

Frå politiet si side er det ønskeleg med varsel direkte frå den som først får mistanke om straffbare forhold som er omfatta av avvergeplikta. Dette er forhold, som når dei vert begått i nære relasjonar, har høg sannsynlegheit for at dei vert gjenteke eller at forholda får store følgjer for den fornærma sitt vidare liv.

Ei melding til politiet er likevel ikkje einsbetydande med at det blir straffesak. Det er ingen fornærma part som har plikt til å gje forklaring som kan medføre at ein av sine næraste står i fare for å bli straffa og det er vanskelig å sjå for seg straffesaker av denne typen utan medverknad frå den fornærma. Det offentlege har likevel plikt til å beskytte ofra for alvorleg eller gjenteke krenking sjølv om offeret ikkje ønskjer gjerningsmannen straffa.

Det kan likevel, i nokon tilfeller, vere godt å vite at politiet ikkje har eit einseitig straffefokus i desse sakene. Offentleg påtale er hovudregel ved vald i nære relasjonar. Likevel kan politiet ved behov også tilby anna beskytting som blant anna besøksforbod, valdsalarm og SARAoppfølging utan at det medfører, eller er påkrevd, med straff for gjerningspersonen.

3.5 Plikt til å melde eller på anna måte avverge alvorleg brotsverk;

Lov om straff § 196. *Plikt til å avverge et straffbart forhold*

Alle har ei generell plikt til å førebyggje, samt å oppdage vald. Dette gir born og ungdom større tryggleik, slik at dei får større læringsutbytte i barnehagen og på skulen, samt betre oppvekstvilkår. Avvergingsplikta gjeld også desom dei fornærma er vaksne / eldre. Plikta gjeld ikkje dersom den aktuelle valdshandlinga allereie er gjennomført, og det ikkje er tale om å førebygge ny vald eller følgjer av valden.

For andre instansar og tenester enn barneverntenesta vil det å gje barnevernstenesta opplysningar om at eit born er utsett for slike alvorlege brotsverk i ein del tilfeller kunne vere ein annan måte å avverge

brotsverket på enn ved å melde forholdet til politiet. I einskilde tilfeller vil imidlertid det å gje opplysningar til barneverntenesta ikkje gje barnet tilstrekkeleg beskytting raskt nok. I slike tilfeller kan einaste alternativ vere å melde forholdet til politiet.

Barneverntenesta har den samme plikta til å melde eller på annan måte avverge alvorlege forbrytingar som andre instansar og tenester.

4.0 Samhandling og førebygging

4.1 Samhandling

Handtering av valds- og overgrepssaker krev ei ansvars- og ei rollefordeling mellom dei offentlige instansane. Fordi kvar einskild sak er unik, er det naudsynt at det vert samhandla mellom dei ulike aktørane. All erfaring tilseier at dette vert best gjennom etablerte samhandlingsarenaer. Ulike tenester og instansar har forskjellige roller og dermed forskjellige oppgåver i høve til vald i familiar. Rollene kan og variera ut frå kva fase saka er i:

- Oppdagingsfasen (når det oppstår mistanke eller visshet om at nokon er utsett for vald i familien)
- Utredningsfasen (når situasjonen vert utreda nærmare)
- Tiltaksfasen (når familien vert fulgt opp ved at tiltak vert iverksett)

4.2 Førebygging

God førebygging sparar samfunnet for store menneskelege og økonomiske kostnader og er på denne måten ei investering i framtida. Erfaring viser imidlertid at førebygging ikkje er prioritert i tilstrekkeleg grad. Det langsiktige førebyggjande arbeidet må ofte vike for det akutte og situasjonsbestemte. Resultata av førebyggjande innsats ser ein gjerne på lengre sikt. Dette kan vere ei utfordring når effekt vert vurdert gjennom evnen til å levere raske, handfaste og lett målbare resultat. I tillegg til å være langsiktige, framtrer ofte gevinstane av førebyggjande innsats på andre stader enn der kostnadene påløper. Gevinstane kan også vere spredt over fleire sektorar.

Eit godt kommunalt folkehelsearbeid med fokus på utjamning av sosiale helseforskjellar vil være god førebygging med omsyn til vald i nære relasjonar. Forsking viser at det er ein høgare førekomst av vald i befolkningsgrupper som er avhengige av velferdsytingar (trygd og sosialhjelp), som er utan arbeid og som har låg utdanning. Det kan difor synast som om høgare utdanning, stabil tilknyting til arbeidsmarknaden og stabil økonomi fungerer som beskyttande faktorar mot utsette for vald i nære relasjonar. Å førebygga fattigdom og avhengighet av trygdeytingar i yrkesaktiv alder kan dermed føre til reduksjon av førekomst av vald på sikt. Samanhengen mellom vald i nære relasjonar og bruk av rusmidlar er kompleks, men mykje vald vert utøvd i ruspåvirka tilstand. Tilsvarande kan rusavhengigheit vere resultat av å vere utsett for vald. Vald i nære relasjonar kan såleis reduserast ved å redusere totalkonsumet av alkohol.



5.0 Eksisterande tilbod i Haugalandregionen

Det er ofte glidande overgangar mellom oppdagarrolla og behandlarrolla. Arbeidet med valdsproblematikk i nære relasjonar krev ofte tverretatleg og tverrfagleg innsats. Involverte tenester kan vera krisesenter, familievernkontor, spesialisthelseteneste, skule, barnehage, vaksenopplæring, NAV med sine ulike tenester, pleie og omsorg, barnevern, fastlege, førebyggjande helse, politi m.fl.

Informasjon om kommunen sine tiltak og oversikt over hjelpeinstansar finn du på Bokn kommune sine heimesider: <https://www.bokn.kommune.no/tenester/helse-omsorg/helsetenester/vald-i-naere-relasjonar/>

Valdsutsette skal kunne få hjelp til å kontakte politi og advokat.

Politiet / Sør-Vest politidistrikt

Politiet sitt arbeid mot familievald er høgt prioritert. Det er egne koordinatorar for familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt. Ei viktig oppgåve for politiet er å redusera omfanget av vald og truslar. Førebyggjande og etterfølgjande tiltak skal saman bidra til minst mogleg kriminalitet, herunder vald i nære relasjonar. Tidlig og adekvat inngripen frå politiet si side vil kunne hindre utvikling av ein vidare valdsspiral. Tildeling av valdsalarm, besøksforbod og straffeforfølgjing er døme på nokre tiltak som politiet kan setje inn. Besøksadresse: Smedasundet 50, 5528 Haugesund

Telefon: 02800 / 51 89 90 00

Legevakt

Haugesund legevakt skal gi øyeblikkelig hjelp utanom fastegen si opningstid. Legevakta er for akutt, alvorleg sjukdom og skade som ikkje kan vente til neste dag.

Besøksadresse: Karmsundgata 59 B, 5531 Haugesund

Telefon: 116 117 heile døgnet

Fastlegen

Fastlegen er ansvarleg for alle allmennlegeoppgåver til sine pasientar i legekantoret si opningstid.

Fastlegen har ansvar for heilheta når du vert utreda, behandla eller skal følgjast opp helsemessig.

Fastlegen har ofte god oversikt over den enkelte si helse og livssituasjon, kan vere ein god samtalepart og har erfaring med å møte menneske som har det vanskeleg.

Fastlegen kan henvise deg til spesialisthelsetenesta dersom det er trong for det, eller orientere deg om andre stader du kan få hjelp som ikkje krevjer tilvising. Fastlegen har ansvar for å samarbeide med andre instansar når listepasientar har trong for koordinerte tenester.

Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av 17 kommunar med avdelingar i Haugesund og på Stord. Krisesenteret er eit lovpålagt gratis lågterskeltilbod. Det trengs inga tilvising og det er inga ventetid. Krisesenter Vest tilbyr hjelp og støtte til personar som er utsett for vald eller trusler om vald i nære relasjonar. Senteret gir bu- og dagtilbod til kvinner, born, menn og LHBT-personar, samt oppfølging i reetableringsfasen. Senteret gir informasjon om rettar og moglegheiter og tilbod om støttesamtalar.

Krisesenteret kan vidareformidla kontakt med det øvrige hjelpeapparatet, advokat og politi.

Telefon: 52 72 98 84 (døgnoopen)

Barnevernstenesta

Born som opplever vald i heimen er i ein uhaldbar omsorgssituasjon, med risiko for at dei vert utrygge og får redusert livskvalitet både som born og seinare i vaksen alder. Skadeverknader med å leve i ein familie der det førekjem vald mellom vaksne, er dei same som om bornet vert utsett for direkte vald.

Barnevernstenesta får dermed ein spesiell rolle i mange av desse sakene. Her finst det kompetanse på familiebehandling og samarbeid med born.

Telefon: 900 63 350 (kvardagar, dagtid)

915 32 510 (vakttelefon)

Familievernkontoret Haugalandet

Familievernkontora gir hjelp til foreldre og born ved vald i familien. Kontoret kan tilby behandling for valdsutøvar og valdsutsette. Tilbodet er gratis. Det er ikkje nødvendig med tilvising.

Besøksadresse: Haraldsgata 90, 5528 Haugesund

Telefon: 52 70 08 20

Bokn Helsestasjon

Helsestasjon og skulehelsetenesta er eit gratis tilbod til alle born og unge (0-20 år), samt gravide og foreldre. Tilbodet omfattar helseundersøking, vaksineriing, heimebesøk, helseopplysning og veiledning. Gjennom helsestasjonsprogrammet skal helsestasjonen bidra til å avverge og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt. Helsestasjonen/skulehelsetenesta samarbeider nært med andre kommunale helsetenester, og kan også bistå med henvisning til, oppfølging av og kontakt med andre deler av hjelpeapparatet.

Besøksadresse: Boknatunvegen 39, 5561 Bokn

Telefon: 938 51 409 (kvardagar, dagtid)

Psykisk helse- og rustenesta i Bokn

Det er mange måtar å reagere på etter vald og overgrep. Nokon kan ha nytte av samtalar med psykisk helse- og rustenesta i kommunen. Psykisk helse og rus er eit gratis lavterskeltilbod. Hovudmålsetjinga er å gje personar som oppheld seg i kommunen gode tenester for å hindre og førebyggje psykisk sjukdom og rusproblem. Tenesta kan bidra med å kartleggje behov og vanskar, gje oppfølging og kontakte andre kommunale hjelpeinstansar.

Besøksadresse: Boknatunvegen 39, 5561 Bokn

Telefon: 404 10 570 (kvardagar, dagtid)

Spesialisthelsetenesta

Helse Fonna (Lærings og mestringssenteret) har jamnleg kurs i sinnemestring som går over 15 kurskveldar. Fastlege kan tilvise. Kommunane kan ta kontakt med Lærings og mestringssenteret for informasjon om tilbodet.

Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling eller Distriktpsikiatrisk senter kan vere nyttige samarbeidspartar.

NAV

NAV sine brukargrupper er i følgje norske omfangsundersøkingar overrepresentert når det gjeld å ha blitt utsett for vald i nære relasjonar. Dei tilsette i NAV har plikt til å avverge blant anna grov vald, vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og valdtekt ved å henvise brukar til hjelpeapparatet eller ved å ta kontakt med politiet (nav.no).

Besøksadresse: Hovedgaten 36, 4250 Kopervik

Telefon: 55 55 33 33

SLT

SLT-modellen skal samordne lokale rus og kriminalitetsførebyggande tiltak for born og unge. Målet er at born og unge i kommunen skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper.

SLT-koordinator i Bokn kommune: Frans Gisle Hansen

Telefon: 932 16 677

PPT tenesta

Tenesta har god kompetanse og har oppfølging med born av ulike årsakar. Tenesta har og eit breidt samarbeid med andre interne og eksterne samarbeidspartar.

Andre kompetanse- og rettleiingsressursar

BUF-etat og RVTS (Ressurssenter mot vald og traumatisk stress, region vest) har kompetanse og kan gje bistand og rettleiing samt kompetanseheving.

6.0 Ressursliste

Her er lista opp instansar som kan vere til hjelp ved mistanke om eller etter avdekking av vald:

- Helse Fonna, valdtekstmottak
- Helse Fonna, Barne og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)
- Helse Fonna, Haugaland Distriktpsikiatriske senter (DPS)
- Konfliktrådet i Haugaland og Sunnhordaland
- Regionalt Ressurssenter om vold, traumatisk stress eller selvmordsforebygging (RVTS)
- Alternativ til vold
- Statens barnehus Stavanger
- Landsforeningen til voldsofre
- Vern for eldre (www.vernforeldre.no)
- Alarmtelefonen 116 -111 – alarmtelefonen for barn og unge
- Lavterskel hjelpetilbud og fagressurs om seksuelle overgrep – NOK (tidligere SMISO)
- Røde kors- telefonen 815 55 201
- SEIF (Sjølvhjelp for innvandrere og flyktningar)
- Advokatbistand
- Reform - ressursenter for menn
- DIXI Ressursenter for seksuelle overgrep
- Rådgivningskontora for kriminalitetsutsatte
- hvorlite.no
- dinutvei.no

7.0 Evaluering og rullering

Planen skal evaluerast årleg (innan 1. kvartal), og rullerast innan utgangen av 2024. Ansvarleg for evaluering og rullering av handlingsplanen er psykisk helse- og rustenesta i Bokn kommune i samarbeid med kommunale ressurspersonar. Krisesenter Vest vil også bistå med innspel og bistand ved årleg evaluering og sluttevaluering.

VEDLEGG

- Tiltakskort for einskildsaker
 - 1 Barn
 - 2 Vaksne
 - 3 Eldre
 - 4 Funksjonshemma

Tiltakskort 1 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot BORN

- **«Ta i mot» det som blir sagt, repeter det bornet seier og sei: Fortel meir om det! (Bruk opne spørsmål/setningar). Sei det var bra bornet sa frå** «om dette, og at dette må vi snakka meir om seinare. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av bornet på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner bornet.
- **Informert leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, kontakte barneverntenesta.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til barnevern/representere verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til opplysningsplikta til barnevernet.
- **I dei tilfella det er knytt uvisse til om bornet kan vere utsett for overgrep frå foreldre/fosterforeldre/søsken/stesøsken, skal ein IKKJE ta kontakt med foreldre/føresette.**
- Ved akutte situasjonar kor der er grunn til å tru at born har vore utsett for seksuelle overgrep / vald, tar ein direkte kontakt med barneverntenesta / leiar.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er uforsvarleg å sende bornet heim etter endt barnehage/skule, eller kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må barnevernstenesta gjere ei grundig risikovurdering.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Tiltakskort 2 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot VAKSNE

- **Signal som kan vere teikn på vald:**

- Hyppige sjukmeldingar, hyppige legebesøk, ofte med diffuse symptom.
- Avtalar vert endra eller kansellert, personen har vanskeleg for å komme heimefrå.
- Personen motset seg hjelp som krev innsyn i familien/par-relasjonen.
- Personen er stadig blakk.
- Personen kjem sjeldan til avtalar, ektefelle/partnar er ofte med.
- Auka bruk av legemidlar eller alkohol.
- Knuste eigedeler, hol i dørar og veggjar (ved heimebesøk)

- **Våg å spørje;**

Innleiing til samtale – «Mange eg treff i jobbsamanheng har vore utsett for vald eller truslar om vald frå partner eller familie. Eg har oppdaga at mange ikkje veit at dei kan snakke med meg om dette, og derfor har eg begynt å spørje alle;»

- Korleis er dette for deg?
- Har du vore i eit forhold der du har følt deg redd eller trua?
- Har partnaren din nokon gong skada deg?

Spørsmål om fysisk vald;

- Vert du slått, lugga, haldt fast, brent, dytta?
- Er du redd kva som kan kome til å skje med deg?

Spørsmål om psykisk vald;

- Vert du audmjuka, krenka, trua eller latterleggjort?
- Kjenner du deg lite verdt? Er du redd?
- Har den du bur med vanskar med å kontrollere sinnet, vert personen sint og oppfarande?
- Vert du kontrollert av andre? Disponerer du eigne pengar?

Spørsmål om born;

- Er bornet ditt trygt?
- Er du redd dei kan bli skada?
- Kor er borna ved konflikhtar?

Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.
- **Informer leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep / vald, tar ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må den tilsette gjere ei grundig risikovurdering.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Tiltakskort 3 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot **ELDRE**

- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei det var bra vedkommande sa frå** om dette, og ver tilgjengeleg for samtale. Skriv ned det du observerer / det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.
- **Informar leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet / representere verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller det er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep / vald, tar ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må den tilsette gjere ei grundig risikovurdering.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Kontakt evt **Vern for eldre**, Nasjonal kontakttelefon 800 30 196

Tiltakskort 4 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot FUNKSJONSHEMMA

- **Fysisk teikn som kan tyde på vald:**
 - Sår, avrive hår, blåmerke – særleg på hals, kloremerke, hevelsar.
 - Skader på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar.
 - Skader fleire stader på kroppen og skader som er grodd i varierende grad.
 - Brot, brannskader, stikkskader, gynekologiske smerter.
 - Svimmel, søvn- og spiseforstyrningar.
 - Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen etc.
- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei det var bra vedkommande sa frå** om dette, og ver tilgjengeleg for samtale. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.
- **Informert leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep / vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
 - Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet / representere verksemda.
 - Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.
- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller det er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep / vald, tar ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må den tilsette gjere ei grundig risikovurdering.
- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Rettleiing for dokumentasjon av uro for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald

Dette er ei rettleiing i å skriftleg dokumentere informasjon ein tilsett / leiar får om vald eller seksuelle overgrep. Det kan vere viktig å ha skriftleggjort mistanken / observasjonar for å setje ord på eigne vurderingar, i tillegg er dette nyttig i kontakt med evt politi / barnevern / rettsapparat.

Skriv ned ei detaljert skildring av kva som gjorde at du vart bekymra for at personen kan ha vore utsett for seksuelle overgrep eller vald.

- 1) Kva var det som først gjorde deg bekymra for at nokon kan vere utsett for seksuelle overgrep eller vald? Kva skjedde? Var det noko vedkommande sa eller gjorde? Kva sa vedkommande? (ordrett – om mogleg)
 - Kva gjorde vedkommande? (konkret beskriving av åtferd)
 - Korleis var kroppsspråket / ansiktsuttrykket?
 - Fysiske teikn (t.d. blåmerke, prøv å sjå meir av kroppen – ver kreativ)
- 2) Kor tid skjedde det?
- 3) Kor skjedde det?
- 4) Var det andre til stades?
- 5) Kva hende før vedkommande «røpte seg»?
- 6) Korleis reagerte du (evt andre) på det vedkommande sa / gjorde?
 - kva sa du til vedkommande?
 - kva gjorde du heilt konkret?
- 7) Har du snakka med vedkommande om dette før / seinare?
- 8) Kven er informert om uroa di?